



Vestnes kommune
Brugata 10
6390 VESTNES

Dykkar ref
PLAN-20/00307-32

Vår ref
2021/9830-5

Arkiv nr

Sakshandsamar
Tormod Hjørungnes Engen


Dato
12.08.2022

**Fråsegn til 2. gongs offentlig ettersyn av Reguleringsplan Salmar Genetics
PLAN-20-00307-32 - Vestnes kommune - Møre og Romsdal fylke**

Viser til dykkar høringsbrev datert 08.06.2022 om framlegg til ovannemnde detaljregulering og til vår fråsegn 09.12.2021 i høve 1. gongs offentleg ettersyn.

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Nærings- og Fiskeridepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning, ferdsla på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med «lov om havner og farvann.» Føremålet med lova er å fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg bruk av hamn og farvatn, samstundes med omsyna til eit konkurransedyktig næringsliv og nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.

Vår vurdering



Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankqiro: 7694 05 06766

10

Føremålet med detaljreguleringa er å legge til rette for utvikling av dagens stamfiskanlegg og legge til rette for berekraftig produksjon og fiskevelferd. Planlagde reguleringsføremål er i hovudsak, næringsbygg, veg, friområde, kai og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Planen med føresegner slik den no er lagt fram synest formålstenleg og våre merknadar til 1. gongs ettersyn er teke omsyn til. Planen vil heller ikkje få særskild innverknad på tilgrensande farvatn, Kystverket sine anlegg og installasjonar eller andre omsyn Kystverket er satt til å ivareta i medhald av hamne- og farvasslova. Kystverket har såleis ikkje vesentleg å merke til planframlegget.

Kystverket gjer merksam på at utfylling i sjø er eit tiltak som kan vere avhengig av løyve etter hamne- og farvasslova § 14. Då tiltaket er plassert i sjøareal som ligg til kommunen sitt myndesområde etter nemnde lov vert det kommunen sitt ansvar å vurdere tiltaket opp mot omsyna i lova og elles til anna bruk av farvatnet. Til opplysning kan ikkje Kystverket på grunn av habilitet uttale seg konkret til saker/søknadar der kommunen fattar vedtak etter hamne- og farvasslova då Kystverket er klageinstans for desse sakene.

Med helsing

Ruben Alseth
fung. avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvalteren i Møre og Romsdal
Fiskeridirektoratet

Postboks 2500
Postboks 2520
Postboks 185 Sentrum

6404 MOLDE
6404 MOLDE
5804 BERGEN